

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.04.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2.000.000,- over budsjettpost 400.650.01 slik:

	Kommune	Tilråding
1	Austevoll	25 000
2	Fitjar	270 000
3	Fusa	75 000
4	Jondal	115 000
5	Kvam	30 000
6	Meland	110 000
7	Osterøy	150 000
8	Radøy	250 000
9	Stord	165 000
10	Sund	25 000
11	Sveio	175 000
12	Tysnes	80 000
13	Ullensvang	30 000
14	Vaksdal	150 000
15	Voss	300 000
16	Øygarden	50 000
		2 000 000

Arkivnr: 2017/17596-30

Saksbehandlar: Elizabeth Warren; Erlend Hofstad, Roald Landøy, David Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.03.2018

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018**Samandrag**

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Ordninga er forankra i handlingsprogram for Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Generelt:	
Budsjett 2018	2 000 000 kroner
Søknadsfrist 2018	1. januar 2018
Vedtaks kriteria	KIRU: PS 22/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Søknader 2018:	
Tal på søknadar:	16 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	15 søknadar
Samla søknadssum:	3 189 244 kroner
Tilrådd til fordeling:	2 000 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland er ei ny ordning som avløyser den gamle tilskotsordninga til vern og vøling av kulturminne. Den tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Hovudgrep i endringa er at det er kommunen som søker fylkeskommunen om midlar og ikkje einssilde eigarar av kulturminne. Eigarar av kulturminne søker gjennom kommunen. Fylkeskommunen ynskjer med dette å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan og etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak er prioritert, samt kulturminne av regional verdi.

Ettersom dette er ei ny tilskotsordning som involverer samarbeid og tilpassingar med kommunane, måtte vi endre søknadsfristen frå 1. november til 1. januar. Vi har òg tillate alle kommunane å søke sjølv om

retningslinene seier at det er kommunar i Hordaland som har ein vedtatt kulturminneplan som kan søkje. Kommunane som har ein vedtatt kulturminneplan er prioritert først i tildelinga.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningar er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2.000.000,- over budsjettpost 400.650.01 slik:

	kommune	Tilråding
1	Austevoll	25 000
2	Fitjar	222 000
3	Fusa	75 000
4	Jondal	115 000
5	Kvam	0
6	Meland	110 000
7	Osterøy	150 000
8	Radøy	250 000
9	Stord	170 000
10	Sund	25 000
11	Sveio	178 000
12	Tysnes	80 000
13	Ullensvang	30 000
14	Vaksdal	150 000
15	Voss	370 000
16	Øygarden	50 000
		2 000 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningsliner
- 2 Omtale av søknadene

Nr	Kommune	Tiltak - kulturminne	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
1	Austevoll kommune <ul style="list-style-type: none"> • Vedtatt kulturminneplan • Ingen eigedomsskatt • Har øymerka kr 100 000 til frivillige - retta mot mål i kulturminneplanen 	1. Formidling - Informasjonsskilt om flyslag over Austevoll under 2.-verdskrig ved Melingsvarden.	100 000	50 000	25 000	Austevoll kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Tiltaket er i tråd kulturminneplanen; å formidle kunnskapen om lokale kulturminne i Austevoll. Søknaden gjeld ikkje eit konkret vernetiltak, men formidling og eit godt døme på samarbeid mellom det frivillige, det offentlege og musea. Prosjektet har òg ein folkehelse- og friluftslivdimensjon. Det kan knytast opp mot Nordsjøløypa og aktivitetsområde for barn og unge. Som vilkår for tilskotet må samla oversikt over kostnader og finansieringsplan spesifiserast.
2	Fitjar kommune <ul style="list-style-type: none"> • Vedtatt kulturminneplan • Har eigedomsskatt - fritak for nokre verna kulturminne • Har ikkje eiga tilskotsordning for verna kulturminne 	1. Istandsetting Rydlandssag 2. Istandsetting sjøhus Færøysund 3. Utbetring elektrisk anlegg Engesund 4. Istandsetting lemstova på Tveit 5. Istandsetting av bustad Elvavegen 18 6. Istandsetting løe Langøya	1 268 329	639 344	270 000	Fitjar kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Omsøkte kulturminne er prioritert i kulturminneplanen. 4 søknader omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi og 2 omhandlar kulturminne med høg verneverdi.
3	Fusa kommune <ul style="list-style-type: none"> • Vedtatt kulturminneplan • Har eigedomsskatt – ingen fritak for verna kulturminne • Inga tilskotsordning for verna kulturminne 	1. Istandsetting naust Holmefjord	295 000	75 000	75 000	Fusa kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Omsøkte tiltak er prioritert i kulturminneplanen. Det er planlagt kurs i samband med istandsetting. Eigar har søkt om 25 000,- frå kommunen.

Nr	Kommune	Tiltak - kulturminne	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
4	Jondal kommune <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt kulturminneplan Ingen eigedomsskatt Har eiga tilskotsordning for verna kulturminne – tilskot frå kommunen kr 152 000,- 	<ol style="list-style-type: none"> Istandsetting Herand bedehus (1888) Istandsetting eldhus Drebrekke Istandsetting stabbur Svåsund Istandsetting nedre Krossdalen skule Formidling - skilt ved Viketunet Formidling - Brudekrone utstilling i Jondal kyrkje 	440 645	125 000	115 000	Jondal kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. I tillegg bidrar kommunen med tilskot til dei fire prosjekta. Alle tiltak, med unntak av brudekroneutstillinga er prioritert i kulturminneplanen. Søknad til brudekroneutstilling i Jondal kyrkje vert ikkje prioritert, då den ligg utanfor retningslinene for tilskotsordninga til verna kulturminne. Ein kan søke fylkeskommunen si tilskotsordning for prosjekttilskot: Kulturtiltak - amatør. https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturtiltak--amator/
5	Kvam herad <ul style="list-style-type: none"> Kulturminneplan skal på høyring våren 2018 Har eigedomsskatt - fritak for freda bygg Inga tilskotsordning for verna kulturminne 	<ol style="list-style-type: none"> Istandsetting Nes gardsag (1962) 	429 096	75 000	30 000	Kvam herad er i slutfasen av arbeid med kulturminneplan. Kommunen har ikkje gitt økonomisk støtte til prosjektet. Nestunet vert prioritert i endeleg plan. Fleire hus på garden er satt i stand. Nestunet utgjer eit kulturmiljø som har regional verdi som kulturminne. Omsøkte tiltak har tidlegare fått støtte både frå Kulturminnefondet, Riksantikvaren og fylkeskommunen. Tiltak på saga har også fått midlar frå Riksantikvaren i 2018. Søkars finansieringsplan kan difor gjennomførast med noko redusert tilskot frå fylkeskommunen.
6	Meland kommune <ul style="list-style-type: none"> Kulturminneplan er ikkje vedtatt Har eigedomsskatt - fritak for verna bygg Har eiga tilskotsordning til kulturminnevern 	<ol style="list-style-type: none"> Istandsetting uthus ved Holmestova Istandsetting eldhus ved Gripen gard Istandsetting Prestebryggja på Husebø 	466 000	110 000	110 000	Meland kommune har ikkje vedtatt kulturminneplan. Kommunen har eiga tilskotsordning til kulturminnevern og vert difor prioritert i tildelinga. Alle tiltak er elles i tråd med retningslinene for tildelinga. Kommunen må prioritera desse kulturminna i kulturminneplanen som er under arbeid. Kulturminne som får offentleg tilskot til vern

Nr	Kommune	Tiltak - kulturminne	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	kr 150 000,-					må sikrast til vern.
7	Osterøy kommune <ul style="list-style-type: none"> Kulturminneplan er ikkje vedtatt Har eigedomsskatt - ingen fritak for verna bygg Inga tilskotsordning for verna kulturminne 	1. Istandsetting Mikalgarveri på Valestrand	635 000	150 000	150 000	Osterøy kommune har ikkje vedtatt kulturminneplan og heller inga tilskotsordning. Garveriet det er søkt midlar til er regulert til vern i gjeldande reguleringsplan (inngår i omsynssone vern (H570) med føresegn). Garveriet har regional verdi som kulturminne og vert difor prioritert for tildeling.
8	Radøy kommune <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt kulturminneplan Har eigedomsskatt - Har eiga tilskotsordning til kulturminnevern kr 65 000,- 	1. Istandsetting meieriet Nøtlevågen 2. Istandsetting kvernhus på Villanger 3. Istandsetting løe på Basthaugen, Mjøs 4. Istandsetting gjestgjevarstad i Rossneset	1 065 845	263 000	250 000	Radøy kommune har vedtatt kulturminneplan og har eiga tilskotsordning til kulturminnevern. Kommunen vert prioritert i tildelinga. Alle omsøkte kulturminne er prioritert i kulturminneplanen. To søknader omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi og to omhandlar kulturminne med høg lokal verneverdi.
9	Stord kommune <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt kulturminneplan Har eigedomsskatt - fritak for verna bygg etter søknad Inga tilskotsordning for verna kulturminne 	1. Istandsetting røykstove, Føyno 2. Istandsetting tak/kledning - løe på Røsbøvik 3. Istandsetting grunnmur løe- løe på Røsbøvik 4. Istandsetting naust på Røsbøvik	683 266	200 450	165 000	Stord kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Omsøkte kulturminne er ikkje spesifikt prioritert i kulturminneplanen, men er døme på typen kulturminne som bør prioriterast. Kommunen må prioritera kulturmiljø på Føyno og Røsbøvik i kulturminneplanen som er under rullering. Kulturminne som får offentleg tilskot til vern må sikrast til vern.
10	Sund kommune <ul style="list-style-type: none"> Vedtatt kulturminneplan Har eigedomsskatt - ingen fritak for verna bygg Inga tilskotsordning for verna kulturminne 	1. Istandsetting Monsabua, naust på Vorland	73 000	25 000	25 000	Sund kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Naust på Vorland er ikkje prioritert i kulturminneplanen, men er eit typisk døme på eit regionalt sjøbruksmiljø. Kulturminne som får offentleg tilskot til vern må sikrast til vern når kulturminneplanen eller kommuneplanen skal rullerast.

Nr	Kommune	Tiltak - kulturminne	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
11	Sveio kommune <ul style="list-style-type: none"> • Vedtatt kulturminneplan • Har eigedomsskatt - fritak for nokre verna kulturminne • Har ikkje eiga tilskotsordning for verna kulturminne 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Istandsetting våningshus på Oa 1820 2. Istandsetting eldhus på Reino 	257 500	178 700	175 000	Sveio kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Omsøkte kulturminne er prioritert i kulturminneplanen. 1) omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi og 2) omhandlar kulturminne med høg lokal verneverdi. Som vilkår for tilskot til istandsetting av eldhus på Reino må kommunen be eigar om samla oversikt over kostnader og finansieringsplan.
12	Tysnes kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneplan er ikkje vedtatt • Har eigedomsskatt - fritak for historiske bygg • Har sett av kr 80 000,- til kulturminnetiltak 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppsetting av Hegglandshusa – røykstove og stabbur (1770) 	331 962	100 000	80 000	Tysnes kommune har ikkje vedtatt kulturminneplan. Formannskapet i Tysnes kommune har løyva kr 15 000 til oppsetting av Hegglandshusa og har elles midlar til kulturminnetiltak. Kommunen prioriterer tildelinga. Kulturminne som får offentleg tilskot må sikrast til vern når kulturminneplanen eller kommuneplanen skal rullerast.
13	Ullensvang herad <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneplan er ikkje vedtatt • Har eigedomsskatt • Har ikkje eiga tilskotsordning for verna kulturminne 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Istandsetting skifertak på Larsete - Utne sentrum 	594 989	30 000	30 000	Ullensvang herad har ikkje vedtatt kulturminneplan og heller inga tilskotsordning. Bygningen er regulert til vern og ligg like ved Utne Hotel og Broch-huset, som begge er freda anlegg. Kulturmiljøet har høg regional verdi og tiltaket vert difor prioritert for tildeling.
14	Vaksdal kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneplan er vedtatt • Har eigedomsskatt – ingen fritak for verna kulturminne • Har ikkje eiga tilskotsordning 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Istandsetting våningshus på Veo 	667 750	667 750	150 000	Vaksdal kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Våningshus inngår i kulturmiljøet på Veo, veglause gardar på vestsida av Veafjorden. Kulturmiljøet har regional verdi. Vi rår til at tilskotet vert prioritert til tak. Kulturminne som får

Nr	Kommune	Tiltak - kulturminne	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	for verna kulturminne					offentleg tilskot må sikrast til vern i kulturminneplanen eller kommuneplanen når dei skal rullerast.
15	Voss kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneplan er vedtatt • Har eigedomsskatt – ingen fritak for verna kulturminne • Har eiga tilskotsordning for verna kulturminne kr 115 000 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Istandsetting postbrygge/kai Evanger (1834) 2. Istandsetting lafta stabbur på Vinje 	1 365 000	400 000	300 000	Voss kommune har vedtatt kulturminneplan og eiga tilskotsordning for kulturminne. Kommunen vert difor prioritert i tildelinga. Begge dei omsøkte kulturminna er prioritert i kulturminneplanen og inngår i miljø med regional verdi.
16	Øygarden kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneplan er ikkje vedtatt • Har eigedomsskatt – ingen fritak for verna kulturminne • Har eiga tilskotsordning for kulturminne 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Istandsetting naust på Vestresjøen, Rong (1900) 	200 000	100 000	50 000	Øygarden kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan og har eiga tilskotsordning for kulturminne. Naustmiljøet på Vestresjøen, Rogn er regulert med omsynssone i kommuneplanen.
			8 873 382	3 189 244	2 000 000	